
Fra: Inge Herman Rydland <rydlandmail@gmail.com>
Sendt: torsdag 13. september 2018 14:34
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Frøydis Ones
Emne: Innspel til kommuneplanens arealdel
Vedlegg: 13092018 - Kartskisse Solbakken med nytt lekeområde.pdf

Lindås Kommune

Viser til dialog med Ones om endring av arealbruk i reguleringsplanen. Eg vel å fylja opp det første alternativet skissert i hennar e-post.

Saka har lang historie og gjeld Solbakken, no Sollia bustadfelt. Det ligg på garden min, 173/3, på Rydland i Seim.

Mitt innspel har tre komponentar som eg vonar vil verta positivt handsama:

- flytta det som vart avsett som friareal i det som tidligare heitte Solbakken byggefelt, til opp på flat mark (sjå vedlegg). Noverande friareal har sidan etableringa av byggefeltet (2004) vore sær s uegna til formålet. Det er på ca 800 kvm
- Det vert avsett 800 kvm areal oppe på flatmark på det som me kalla Svartmyra. Dette er i tråd med ynskje frå dei som bur der. Dette arealet tilhøyrer garden (173/3).
- Noverande friareal, som eigentleg var ei tomt i byggefeltet, vert omregulert att til tomt. Dette arealet tilhøyrer garden.

Legg ved det kartet som låg til grunn for utforminga av "Solbakken" - og som kommunen godkjende. Har skissert inn det nye området til friareal.

Mvh
Inge Herman Rydland
Grunneigar 173/3

Mail i frå Ones:

*Hei,
Vi har diskutert spørsmålet, jf. e-post av 20. august, internt i administrasjonen.*

Utgangspunktet er at dersom du ynskjer å endre arealbruken i reguleringsplanen, må det skje gjennom ei reguleringsendring. Det er krav til storleik på leikeareal, så dersom du ynskjer å flytte godkjent leikeareal, må du sikra minimum same storleik på nytt leikeareal. Krava til leikeareal er fastsett i arealdelen av kommuneplanen. Arealdelen av kommuneplanen er under revisjon no, og vi tek i mot innspel til planarbeidet fram til den 14. september. Dersom du ynskjer, kan du få ei utviding vurdert i den samanheng slik at du seinare evnt. kan søkje å omregulere eit utvida bustadfelt. Dersom du ynskjer å følgje dette sporet, kan du sende e-post til postmottak@lindas.kommune.no og merke sendinga «innspel kommuneplanens arealdel».

Dersom du ynskjer å tilretteleggje berre eit mindre areal for leikeareal, mellombels, er dette noko du kan søkje gjennomført uavhenging av planstatus, dersom det vert akseptert av

kommunen. Ei slik sak må kanskje også dispensasjonsvurderast, så det er ein risiko for å få avslag på ein slik søknad. Du kan ta nærare kontakt med byggesak om du har spørsmål til denne tilnærminga på:byggesak@lindas.kommune.no. Alternativt kan du ringe byggesaksvakten (tlf 56 37 51 00) tysdag eller torsdag for informasjon.